



Arkoconsult AS  
Postboks 103  
5291 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/3490 - 20/6019

Saksbehandlar:  
Linda Hammersvik Folkestad  
linda.folkestad@alver.kommune.no

Dato:  
04.02.2020

## Svar på søknad om endra bruk av avkjørsel - GBNR 217/4 Romarheim

**Tiltak:** Avkøyringsløyve  
**Byggjestad:** Gbnr 217/4  
**Tiltakshavar:** Eivin Høiland  
**Ansvarleg søkjar:** Arkoconsult AS

Saka gjeld søknad om utvida bruk av eksisterande avkjørsle etablert over gbnr 217/4..

### Saksutgreiing:

Informasjon om saka:

Søkjar ønskjer å få tilkomst til eigedom frå eksisterande avkjørsle som er etablert over gbnr 217/4. Eksisterande avkjørsle over gbnr 217/2 (parsel) vil ikkje verte nytta etter etablering av ny vegtilkomst.

Vurdering/drøfting:

Eksisterande tilkomstveg ser ut til å være etablert som ei traktorveg. Ved å flytte tilkomstveg til avkjørsle som er etablert over gbnr 217/4 vil ein få ei betre og meir oversiktig tilkomstveg til fritidsbustaden.

Samandrag/konklusjon:

Vegavdelinga finn det forsvarleg å gje løyve til utvida bruk av eksisterande avkjørsle. Fritidsbustad vil få ei betre og meir oversiktig avkjørsle. I tillegg vil ein trafikktryggleiken i kommunevegen verte betre.

### Vedtak:

Alver kommune gjev løyve til utvida bruk av eksisterande avkjørsle frå kommunal veg med heimel i Veglova § 40 til 43 med tilhøyrande regelverk.

### Løyve er gjeve på følgjande vilkår:

- Avkjørsle skal være opparbeida slik at den tilfredstillar tekniske krav til avkjørsle som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg», Veglova §40-43, samt vegnormal N100.

### Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug      post@alver.kommune.no      Kontonummer: 13207 29 30559  
Innbyggjarservice: +47 56 37 50      www.alver.kommune.no      Organisasjonsnummer: 920 290 922  
00

Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming av avkjørsle, svingradius, drenering under avkjørsle og at ein skal snu på eigen grunn. Dersom eksisterande avkjørsle har manglar i forhold til tekniske krav gitt i regelverk, skal dette utbetrast.

- Siktzone skal ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikthindringar som er høgare enn 0,5 meter over kommunalt vegnivå. Siktsona skal til ein kvar tid haldast vedlike av eigar/ brukarane av avkjørsla.
- Eksisterande avkjørsle over gbnr 217/2 skal fysisk stengast slik at denne ikkje kan nyttast.
- Vi gjer merksam på at løyve berre gjeld etter vedlova med tilhøyrande regelverk og ikkje dei rettar De har ovanfor eventuelle eigarar av privat veg.

Vegavdelinga i Alver kommune ynskjer å gjere merksam på at tiltaket kan være søknadspiktig etter Plan og bygningslova. Vedtak etter veglova gjev berre løyve til å nytte kommunal veg som tilkomst til eigedom. Vedtak etter veglova er ikkje løyve til å etablere/utbetre tiltak.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl) jf. veglova § 11. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl. §29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skiftleg til kommunen. I klagen skal det gå krav kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endingar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

### **Bortfall av løyve**

Er arbeid med avkjørsla ikkje sett i gang innan 3 år etter at løyve er gitt, fell løyve bort, jf. veglova § 40 4.ledd.

Med helsing

Arne Helgesen  
Avdelingsleiar  
Samferdsel, veg-, vatn- avløp-  
forvaltning

Linda Hammersvik Folkestad  
Ingeniør  
Samferdsel, veg-, vatn- avløp-  
forvaltning

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Mottakarar:**

Arkoconsult AS

Postboks 103

5291

VALESTRANDSFOSSE  
N